

KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/26/19

av 22. juli 2003

om endring av vedtak 97/830/EF om oppheving av vedtak 97/613/EF og om særskilde vilkår for import av pistasienøtter og visse produkt framstilte av pistasienøtter som har opphav i eller er sende frå Iran(*)*[meldt under nummeret K(2003) 2603]*

(2003/551/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 93/43/EØF av 14. juni 1993 om næringsmiddelhygiene⁽¹⁾, særleg artikkel 10 nr. 1,

etter samråd med medlemsstatane og

ut frå desse synsmåtarne:

- 1) I kommisjonsvedtak 97/830/EF⁽²⁾, sist endra ved vedtak 2000/238/EF⁽³⁾, er det fastsett særskilde vilkår for import av pistasienøtter og visse produkt framstilte av pistasienøtter som har opphav i eller er sende frå Iran.
- 2) I vedtak 97/830/EF er det fastsett at den rette styresmakta skal sikre at kvar sending som kjem inn under det nemnde vedtaket, vert underlagd systematisk prøvetaking og analyse for å fastsetje innhaldet av aflatoksin B1 og det samla innhaldet av aflatoksin før sendingane vert frigjevne til marknaden frå staden der dei vert førde inn i Fellesskapet. Då omgrepet «systematisk prøvetaking og analyse» i vedtak 97/830/EF kan tolkast på ulike måtar, bør det gjerast klart kva dette inneber.
- 3) Snøggvarslingssystemet for næringsmiddel og før vart skipa ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 178/2002 av 28. januar 2002 om fastsettelse av allmenne prinsipper og krav i næringsmiddelregelverket, om opprettelse av Den europeiske myndighet for næringsmiddeltrygghet og om fastsettelse av framgangsmåtar i forbindelse med næringsmiddeltrygghet⁽⁴⁾.
- 4) Av omsyn til folkehelsa bør medlemsstatane jamleg sende over til Kommisjonen rapportar om alle analyseresultat frå dei offentlege kontrollane som vert gjorde av sendingar med pistasienøtter og visse produkt framstilte av pistasienøtter som har opphav i eller er sende frå Iran. Desse rapportane bør kome i tillegg til meldingsplikta i medhald av snøggvarslingssystemet for næringsmiddel og før.

- 5) Det er viktig å sikre at prøvetakinga og analysen av sendingar med pistasienøtter og produkt framstilte av pistasienøtter som har opphav i eller er sende frå Iran, vert gjort på ein einsarta måte i heile Fellesskapet.
- 6) På oppmoding frå visse medlemsstatar er det naudsynt å ajourføre lista over stader der produkt som er omfatta av vedtak 97/830/EF, vert førde inn i Fellesskapet. Av omsyn til klarleiken bør lista byttast ut.
- 7) Vedtak 97/830/EF bør difor endrast —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedtak 97/830/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 2 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 5 skal lyde:

«5. Dei rette styresmaktene i kvar medlemsstat skal utføre prøvetaking av kvar sending med pistasienøtter og visse produkt framstilte av pistasienøtter som har opphav i eller er sende frå Iran, for å analysere innhaldet av aflatoksin B1 og det samla aflatoksininnhaldet før sendingane vert frigjevne til marknaden frå staden der dei vert førde inn i Fellesskapet.

Medlemsstatane skal kvar tredje månad leggje fram for Kommisjonen ein rapport om alle analyseresultat av offentlege kontrollar som er gjorde med pistasienøtter og visse produkt framstilte av pistasienøtter som har opphav i eller er sende frå Iran. Denne rapporten skal leggjast fram i den månaden som følgjer etter kvart kvartal(*).

(*) April, juli, oktober, januar».

b) Nytt nr. 6 og 7 skal lyde:

«6. Dei sendingane som skal underleggjast prøvetaking og analysar, skal haldast tilbake i høgst 15 arbeidsdagar før dei vert frigjevne til marknaden frå staden der dei vert førde inn i Fellesskapet. Dei rette styresmaktene i kvar importmedlemsstat skal utferde eit offisielt følgjedokument der det er oppført at sendinga har vore underlagd offisiell prøvetaking og analyse, og kva resultat analysen har gjeve.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 187 av 26.7.2003, s. 43, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 124/2004 av 24. september 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av 10.3.2005, s. 33.

(1) TEF L 175 av 19.7.1993, s. 1.

(2) TEF L 343 av 13.12.1997, s. 30.

(3) TEF L 75 av 24.3.2000, s. 59.

(4) TEF L 31 av 1.12.2002, s. 1.

7. Dersom sendinga vert delt opp, skal det leggjast ein kopi av hygienesertifikatet og dei følgjedokumenta som er nemnde i nr. 1 og 6, ved kvar einskild del av den oppdelte sendinga. Kopiane skal vere attesterte av den rette styresmakta i medlemsstaten der oppdelinga vart gjort.»
2. Artikkel 3 skal lyde:

«*Artikkel 3*

Dette vedtaket skal vurderast jamleg i lys av opplysningar og garantiar som dei rette styresmaktene i Iran legg fram, og på grunnlag av resultatane av dei analysane som medlemsstatane har gjort for å avgjere om dei særskilde vilkåra som er nemnde i artikkel 2, sikrar eit tilstrekkeleg nivå for vern av folkehelsa i Fellesskapet. Det skal òg vurderast om dei særskilde vilkåra framleis er naudsynte.»

3. Vedlegg II vert bytt ut med vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 22. juli 2003.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

«VEDLEGG II

Liste over innførselsstader som pistasienøtter og produkt framstille av pistasienøtter som har opphav i eller er sende frå Iran, kan importerast gjennom til Det europeiske fellesskapet

| Medlemsstat | Innførselsstad |
|-------------|---|
| Belgia | Antwerpen, Zeebrugge, Brussel/Bruxelles, Aalst |
| Danmark | Alle danske hamner og lufthamner |
| Tyskland | HZA Lörrach — ZA Weil-am-Rhein-Autobahn, HZA Stuttgart — ZA Flughafen, HZA München — ZA München-Flughafen, HZA Hof-Schirnding-Landstraße, HZA Weiden — ZA Furth-im-Wald-Schafberg, HZA Weiden — ZA Waidhaus-Autobahn, Bezirksamt Reinickendorf von Berlin, Abteilung Finanzen, Wirtschaft und Kultur, Veterinär- und Lebensmittelaufsichtsam t, Grenzkontrollstelle, HZA Frankfurt (Oder) — ZA Autobahn, HZA Cottbus — ZA Forst-Autobahn, HZA Bremen — ZA Neustädter Hafen, HZA Bremen — ZA Bremerhaven, HZA Hamburg-Hafen — ZA Waltershof, HZA Hamburg-Stadt, HZA Itzehoe — ZA Hamburg-Flughafen, HZA Frankfurt-am-Main-Flughafen, HZA Braunschweig-Abfertigungsstelle, HZA Hannover-Abfertigungsstelle, HZA Oldenburg — ZA Stade, HZA Dresden — ZA Dresden-Friedrichstadt, HZA Pirna — ZA Altenberg, HZA Löbau — ZA Ludwigsdorf-Autobahn, HZA Koblenz — ZA Hahn-Flughafen, HZA Oldenburg — ZA Wilhelmshaven, HZA Bielefeld — ZA Eckendorfer-Straße-Bielefeld, HZA Erfurt — ZA Eisenach, HZA Potsdam — ZA Ludwigsfelde, HZA Potsdam — ZA Berlin-Flughafen-Schönefeld, HZA Augsburg — ZA Memmingen, HZA Ulm — ZA Ulm (Donautal), HZA Karlsruhe — ZA Karlsruhe, HZA Berlin — ZA Dreilinden, HZA Gießen — ZA Gießen, HZA Gießen — ZA Marburg, HZA Singen — ZA Bahnhof, HZA Lörrach — ZA Weil-am-Rhein-Schusterinsel, HZA Hamburg-Stadt — ZA Oberelbe, HZA Hamburg-Stadt — ZA Oberelbe-Abfertigungsstelle-Billbrook, HZA Hamburg-Stadt — ZA Oberelbe-Abfertigungsstelle-Großmarkt, HZA Potsdam — ZA Berlin-Flughafen-Schönefeld, HZA Düsseldorf — ZA Düsseldorf-Nord |
| Hellas | Athina, Pireas, Elefsis, Aerodromio ton Athinon, Thessaloniki, Volos, Patra, Iraklion tis Kritis, Aerodromio tis Kritis, Euzoni, Idomeni, Ormenio, Kipi, Kakavia, Niki, Promahonas, Pithio, Igoumenitsa, Kristalopigi |
| Spania | Algeciras (Puerto), Alicante (Aeropuerto, Puerto), Almería (Aeropuerto, Puerto), Asturias (Aeropuerto), Barcelona (Aeropuerto, Puerto, Ferrocarril), Bilbao (Aeropuerto, Puerto), Cádiz (Puerto), Cartagena (Puerto), Castellón (Puerto), Ceuta (Puerto), Gijón (Puerto), Huelva (Puerto), Irún (Carretera), La Coruña (Puerto), La Junquera (Carretera), Las Palmas de Gran Canaria (Aeropuerto, Puerto), Madrid (Aeropuerto, Ferrocarril), Málaga (Aeropuerto, Puerto), Marín (Puerto), Melilla (Puerto), Murcia (Ferrocarril), Palma de Mallorca (Aeropuerto, Puerto), Pasajes (Puerto), San Sebastián (Aeropuerto), Santa Cruz de Tenerife (Puerto), Santander (Aeropuerto, Puerto), Santiago de Compostela (Aeropuerto), Sevilla (Aeropuerto, Puerto), Tarragona (Puerto), Tenerife Norte (Aeropuerto), Tenerife Sur (Aeropuerto), Valencia (Aeropuerto, Puerto), Vigo (Aeropuerto, Puerto), Villagarcía (Puerto), Vitoria (Aeropuerto), Zaragoza (Aeropuerto) |
| Frankrike | Marseille (Bouches-du-Rhône), Le Havre (Seine-Maritime), Rungis MIN (Val-de-Marne), Chassieu CRD (Rhône), Strasbourg CRD (Bas-Rhin), Lille CRD (Nord), Saint-Nazaire-Montoir CRD (Loire-Atlantique), Agen (Lot-et-Garonne), port de la Pointe des Galets à la Réunion |
| Irland | Dublin — hamn og lufthamn, Cork — hamn og lufthamn, Shannon — lufthamn |
| Italia | Ufficio Sanità Marittima ed Aerea di Ancona Ufficio Sanità Marittima ed Aerea di Bari Ufficio Sanità Marittima ed Aerea di Genova Ufficio Sanità Marittima di Livorno Ufficio Sanità Marittima ed Aerea di Napoli Ufficio Sanità Marittima di Ravenna Ufficio Sanità Marittima di Salerno Ufficio Sanità Marittima ed Aerea di Trieste Dogana di Ferneti-Interporto Monrupino (Trieste) Ufficio di Sanità Marittima di La Spezia Ufficio di Sanità Marittima e Aerea di Venezia Ufficio di Sanità Marittima e Aerea di Reggio Calabria |

| Medlemsstat | Innførselsstad |
|-------------------------|---|
| Luxembourg | Centre douanier, Croix de Gasperich, Luxembourg |
| Nederland | Alle hamner og lufthamner og alle grensestasjonar |
| Austerrike | HZA Feldkirch, HZA Graz, Nickelsdorf, Spielfeld, HZA Wien, ZA Wels, ZA Kledering, ZA Flughafen Wien, HZA Salzburg, ZA Klagenfurt/Zweigstelle Sopron, ZA Karawankentunnel, ZA Villach |
| Portugal | Lisboa, Leixões |
| Finland | Alle finske tollkontor |
| Sverige | Göteborg, Ystad, Stockholm, Helsingborg, Karlskrona, Karlshamn, Landvetter, Arlanda |
| Det sameinte kongeriket | Belfast, Channel Tunnel Terminal, Dover, Felixstowe, Gatwick Airport, Goole Grangemouth, Harwich, Heathrow Airport, Heysham, Hull, Immingham, Ipswich, King's Lynn, Leith, Liverpool, London (including Tilbury, Thamesport and Sheerness), Manchester Airport, Manchester Container Port, Manchester (including Ellesmere Port), Medway, Middlesborough, Newhaven, Poole, Shoreham, Southampton, Stansted Airport» |